

Styringsdokument 2011 - 2012

Opplæringsdirektøren
Februar 2011



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Forord

System for verksemdsbasert vurdering er forankra i Opplæringslova §13-10, der Hordaland fylkeskommune er pålagt å ha eit forsvarleg system for å vurdere om krava i Opplæringslova og forskriftene vert følgt opp. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigar dvs. Fylkestinget.

I forskrifta til Opplæringslova § 2-1 står det at "Skolane og lærebedriftene skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket for Kunnskapsløftet".

I Styringsdokumentet gir Opplæringsdirektøren føringar om kva mål og prioriterte tiltaksområde skolane skal leggje til grunn for det verksemdsbaserte vurderingsarbeidet. **Hovudmål og tiltaksområde for 2011- 2012 skal sikre kvalitet og kontinuitet i utviklingsarbeidet.**

Som ein del av Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem for grunnopplæringa, og årleg tilstandsrapport til fylkestinget, skal skolane kvart år levere eigen tilstandsrapport som del av den rullerte utviklingsplanen. Styringsdokumentet legg føringar for skolane sin tilstandsrapport.

I skoleåret 2011/12 vidarefører opplæringsdirektøren tiltaksområda; Vurdering av elevane si læring og bruk av IKT i lærings- og vurderingsarbeidet. I tillegg til desse områda skal skolane også ha særskilt merksemd på området klasseleiing.

Opplæringsdirektøren sine føringar til utviklingsplan og tilstandsvurdering er nærare presisert i dokumentet "System for verksemdsbasert vurdering 2011".



Inger Øvsthus Tønder

Bergen, 15. februar 2011


Mål for opplæringa 2011/2012

Hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland for skoleåret 2011/2012 er auka læringsutbytte og fullføring.

Når skolane skal prioritere egne utviklingsmål, skal det overordna målet for all utviklingsaktivitet vere å auke læringsutbyttet for den einsskilde elev og å få fleire til å fullføre planlagd kompetanse.

Læringsutbytte og fullføring kan målast ut frå karakterutvikling og karakternivå inklusiv stryk og ikkje vurdering, samt tal på sluttarar. I omgrepet fullføring ligg det at den einsskilde elev fullfører planlagd opplæring og oppnår planlagd kompetanse.

Målmodellen frå Styringsdokumentet av 3. februar 2009 står fast, men vi har med denne modellen forsøkt å gjere samanhengen mellom hovudmålet, utviklingsområda og delområda meir tydeleg:



Dei tre **utviklingsområda**, med seks delområde, står alle opp om hovudmålet – auka læringsutbytte og fullføring. **Delområda** peiker på særlege område som har direkte innverknad på utviklingsområda og for å nå hovudmålsettinga.

- Utviklingsområdet **Elevane si læring og læringsmiljø** skal romme innsatsar som fremmar læring, meistring og gjennomføring, og som fremmar elevane sin motivasjon og trivsel.
- Utviklingsområdet **Lærarrolla** skal romme faktorar som fremmar tydelege, fagleg dyktige og trygge lærarar.
- Utviklingsområdet **Lærande organisasjon** skal romme faktorar som fremmar skolen sin kompetanse og kultur for kontinuerleg læring og utvikling

Skolane prioriterer tiltak innanfor eitt eller fleire av utviklingsområda og delområda i målmodellen.

Resultatmål i fylkesbudsjettet

I fylkesbudsjettet er det – på grunnlag av hovudmålet og målmodellen over – definert konkrete resultatmål for 2011 for dei vidaregåande skolane:

Vurdering av elevane si læring:

- Redusere del elevar med ikkje greidd i matematikk, kroppsøving og naturfag med 5%
- Redusere bortvalet ved dei vidaregåande skulane med 5%
- Redusere talet på lærlingar som ikkje greier fagprøven med 5%
- Bete resultatet på spørsmål om fagleg rettleiing i elevundersøkinga med 5 % over nivået i 2010

Digital skole/Bruk av IKT i lærings- og vurderingsarbeid:

- Alle lærarar skal nytta SkoleArena Vurdering til karakter og fråversføring
- Alle lærarar skal nytta It's Learning til administrasjon av/kommunikasjon med elevane
- Alle elevar skal få delar av opplæringa, i alle fag, ved bruk av digitale verktøy og læringsmiddel
- Alle elevar skal kjenne til døme på korleis IKT som grunnleggjande ferdigheit kan operasjonaliserast i det einskilde fag

I tillegg er det er ei målsetting å auke svarprosenten på elevundersøkinga til 85 %, for å sikre høg kvalitet på resultatata for vidare oppfølging.

Måla i fylkesbudsjettet skal følgjast opp gjennom system for verksemdsbasert vurdering.

Skolane skal, gjennom sin tilstandsrapport, vise kva skolane vurderer som sine utfordringar og kva konsekvensar det får for mål og tiltak i utviklingsplanen. Samanhengen mellom hovudmålet, resultatmåla i fylkesbudsjettet og skolane sine verksemdsbaserte mål kjem til uttrykk i malen for tilstandsrapporten.

Prioriterte tiltaksområde 2011/2012

For skoleåret 2011/2012 prioriterar Opplæringsdirektøren følgjande tre tiltaksområde som skal ha særskild merksemd:

- Vurdering av eleven si læring
- Bruk av IKT i lærings- og vurderingsarbeidet
- Klasseleiing

Dei tre områda er valt ut på grunnlag av sentrale styringssignal og våre lokale vurderingar av tilstanden i opplæringssektoren. Klasseleiing er lagt til for å styrke innsatsen retta mot læringsmiljø, med særleg fokus på auka arbeidsro og eins praksis av reglement knytt til orden og åtferd.

Den einskilde skole skal synleggjere korleis dei utvalde tiltaksområda er eller vil bli følgd opp gjennom Utviklingsplanen for skolen.

Tilstandsrapport for 2011 og rullert utviklingsplan for 2011/12 skal sendast til Opplæringsavdelinga innan 30. juni 2011.

Vurdering av eleven si læring

- **Alle skolane må vise korleis det blir arbeidd med vurdering**

For skoleår 2009/2010 var fokuset retta mot arbeidet med *vurderingskriterium* i faga. For inneverande skoleår 2010/2011 har skolane prioritert klasseromsnære og læringsfremjande tiltak innan *undervegsvurderinga*.

På grunnlag av resultat frå elevundersøkinga og dei skolevise tilstandsrapportane skal skolane i 2011/2012 ha særskilt fokus på tiltak som kan leggje til rette for *involvering av elevane i eige lærings- og vurderingsarbeid, eigenvurdering*.

Resultat frå elevundersøkinga viser og eit stort forbetningspotensiale på fylkesnivå når det gjeld einskapleg oppfølging av reglar knytt til orden og åtferd. Skolane må på grunnlag av eigne resultat vurdere relevante tiltak for å oppnå einskapleg vurdering på desse områda.

Alle tiltak skolen sett i verk skal legge vekt på følgjande prinsipp som er forankra i forskrift til Opplæringslova:

- Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som er forventa av dei
- Elevane skal få tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- Elevane skal få råd om korleis dei kan forbetre seg
- Elevane skal vere involvert i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga faglege utvikling

Bruk av IKT i lærings- og vurderingsarbeidet

For skoleåret 2010/2011 var fokuset retta mot tiltak som gir lærar og elev praktiske erfaringar med bruk av digitale læringsressursar. Dei skolevise tilstandsrapportane viser at det framleis er stor variasjon med omsyn til bruk og utbytte av IKT i undervisninga.

- **I 2011/2012 må skolane framleis arbeide med å integrere IKT i lærings- og vurderingsarbeidet**

Skolane må kunne vise til konkrete tiltak der dette blir jobba med systematisk over tid, og der retninga i arbeidet er tydeleg kopla til overordna mål for opplæringa.

Klasseleiing

- **Alle skolane må vise korleis det blir arbeidd med klasseleiing**

Forskning¹ viser at læraren sitt arbeid som leiar av klassen/gruppa er den enkeltfaktoren som har størst betydning for læringsmiljøet og dermed elevane si læring. God klasse- og gruppeleiing føresett at læraren evnar å vere ein tydeleg leiar, skape eit positivt klima, etablere arbeidsro og motivere til arbeidsinnsats.

Resultat frå elevundersøkinga og tilstandsrapportane for skolane peikar på utfordringar knytt til arbeidsro. For 2011/2012 vil tiltak innanfor delområdet klasseleiing vere eit prioritert område.

Tilstandsrapport for 2011 og rullert utviklingsplan for 2011/12 skal sendast til Opplæringsavdelinga innan 30. juni 2011.

¹ Henta frå "Materiell for helhetlig arbeid med læringsmiljøet", utvikla av ei forskergruppe, på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet, leia av professor Thomas Nordahl ved Høgskolen i Hedmark, Forskergruppen 2009.



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Opplæringsavdelinga
Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 94 60
www.hordaland.no